

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: F r æ n a.

Emne: Julenissen

Bygdelag: F r æ n a

Oppskr. av: H a n s Haukås

Gard: Haukås

(adresse): Elnesvågen

G.nr.46 Br.nr.18

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Både etter røynsle og samlingar til ei bygdesoga.
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Einskilde heimelsmenn har eg ikkje notert.

- Sp.1. Det kan vera ei 30-40 år sidan Julenissen, som kjem med julegåver først vart kjend her. Det var slektningar som kledde seg ut og kom med "gotter" til borna i heimane. Det er først i dei siste 10-15 åra nissen har kome på Juletreffestar med gåver. Andre festar har han ikkje kome på. Det var folk som hadde vore ute-anten i andre land eller i byane, som først kom med dette. Noko er nokk ogso kome ved Jukehefter o. a.
- Sp.2. Det var berre -gotter-nissen kom med frå først av. Men no har han med alle julegåvene til huset. Men på festar er det berre-gotter-han har med, og so eikvar skjemtegåve (til moro) Ein puttar ofte til nissen eitkvart-eller byd han eitkvart-helst-gotter.
- Sp.3. Det er helst unge gutar og jenter som går julenisse, sume gonger som mann og kjerring. Storleiken er det ikkje nøgje med, men mest har vore brukt små nisser.
- Sp.4. Han skal ha maske, helst med kvitt skjegg og so rød lue. Mest er han kledd i kvit, fotsid kjole-eller kappe-men ogso-med knebukser og rød trøye
- Sp.5. No kjøper ein maskene, men før var dei mest laga heime.
- Sp.6. Julebukken hadde jamt ei maske med horn. Men det å gå julbukk er mest avlagt no. Ein hadde to lange stavar-ein i kvar hand med ein tverstav eit stykkje ned frå øvste enden av langstavane. På øvste endane av langstavane sette anten to bukkehorn eller kuhorn. Over tverstaven hengde ein so ei kappe eller ein frakk. Ovanfor sette ein so maska fast på langstavane, so horna såg ut til å sitja på maskehovudet. So løfta ein denne skapnaden opp på vindua, der ein før fram so dei kunde sjå han inne i stova.
- Sp.7. Det hende at julebukken hadde med -gotter-som han kasta inn i gangen men det var berre slikt som var tenkt til born.
- Sp.8. Før blanda ein dei to slag nisser saman. Men no er julenissen vorte heilt åleine. Den andre nissen er ikkje ofte omtala no.
- Sp.9. Det har hendt at sume har lagt -gotter-til borna inn, so ingen hadde greie på og skreve at det var frå nissen. Eingong veit eg det vart sett eit papir opp på kjøkenglaset, der det stod: Nissen har julegåver til borna på låven.

- Sp.1. Det kan vera ei 30-40 år sidan Julenissen, som kjem med julegåver først vart kjend her. Det var släktingar som kledde seg ut og kom med "gotter" til borna i heimane. Det er først i dei siste 10-15 åra nissen har kome på Juletreffestar med gåver. Andre festar har han ikkje kome på. Det var folk som hadde vore ute-anten i andre land eller i byane, som først kom med dette. Noko er nokk ogso kome ved Jukehefter o. a.
- Sp.2. Det var berre -gotter-nissen kom med frå først av. Men no har han med alle julegåvene til huset. Men på festar er det berre-gotter-han har med, og so eikvar skjemtegåve (til moro) Ein puttar ofte til nissen eitkvart-eller byd han eitkvart-helst-gotter.
- Sp.3. Det er helst unge gutar og jenter som går julenisse, sume gonger som mann og kjerring. Storleiken er det ikkje nøgje med, men mest har vore brukt små nisser.
- Sp.4. Han skal ha maske, helst med kvitt skjegg og so rød lue. Mest er han kledd i kvit, fotsid kjole- eller kappe-men ogso med knebukser og rød trøye
- Sp.5. No kjøper ein maskene, men før var dei mest laga heime.
- Sp.6. Julebukken hadde jamt ei maske med horn. Men det å gå julebukk er mest avlagt no. Ein hadde to lange stavar-ein i kvar hand med ein tverstav eit stykkje ned frå øvste enden av langstavane. På øvste endane av langstavane sette anten to bukkehorn eller kuhorn. Over tverstaven hengde ein so ei kappe eller ein frakk. Ovanfor sette ein so maska fast på langstavane, so horna såg ut til å sitja på maskehovudet. So løfta ein denne skapnaden opp på vindua, der ein fór fram so dei kunde sjå han inne i stova.
- Sp.7. Det hende at julebukken hadde med -gotter-som han kasta inn i gangen men det var berre slikt som var tenkt til born.
- Sp.8. Før blanda ein dei to slag nisser saman. Men no er julenissen vorte heilt åleine. Den andre nissen er ikkje ofte omtala no.
- Sp.9. Det har hendt at sume har lagt -gotter-til borna inn, so ingen hadde greie på og skreve at det var frå nissen. Eingong veit eg det vart sett eit papir opp på kjøkenglaset, der det stod: Nissen har julegåver til borna på låven.
-

Innsendt av:

Hans Haukås, Elnesvågen.